Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr. 21.

Emne: Gamal engkultur

Oppskr. av: Olav Nordbø

(adresse): Bø Telemark.

Fylke: Telemark

Herad: Bø.

Bygdelag:

Gard: Nordbø.

G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eige røynsle og oppskr.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Ja. Dei kalla attlagt åker for ekre. Dei tala om buhøy og butugo (s: til kyr). Det var ~~godt~~ vra høy. Men mest ~~[illegible]~~ det beste. Dei tala au om bonteig. Når utslåttene eit stykke frå, var der ofte ei bu der til å hyse høy i.

II

Dei ruska opp og reinska på slåttene. Dei grov ut kristane, køyrde dei heim og nytta til ved. Små-kristene brende dei. Samt rotna au. Dei gjødsla au med aske. Gjorde lite til å rydja bort stein på utslåttene.

III

Graspro sådde dei ikkje. Kaptein Mathias Rye på Ulerholt tok til å så graspro i 1840-åra. Han flytte ut av bygda i 1852. Da var det visst få som sådde graspro.

1985

IIII

Ja, dei vrita. Min besteфar, Olav As. Nordbø, f. 1769, vrita, også i skogen.
Det hende dei lidde bekkjer på måkhangar

V

Vintergjødsla nytta dei på åkeren.
Dei køyrde ut på vinterføret, eller om våren.
Det var ~~simste fløten~~ av vintergjødsla som blei nytta til enggjødsling.
Saumåk (sautalle) nytta dei til jordeple.
Dei rekna 15 og 20 lass pr. mål som vanleg. 30 lass pr. mål var godt kvada.

VI

Dei tala om kvedefar.

VII

Det hende dei sette fjøset med tanke på at gjødselsiget skulle kvede opp kvise åkrar.
Tunsig (frå fjøs og stall) kalla dei kvededrag.
Somme gardar blei der ikkje pløgd og sett til åker.
På Nordbø (oppistugu, Tolkestad o.a. st. ~~var~~ blei kvededrag – jordstykket ikkje pløgt opp.

1985

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1985

## VIII

Dei nytta ikkje mykje overgjødsling
men dei køyrde nok litt møk
om hausten og la på enga.
Dei talar ennå om møkkjasleo
(det er langsleda med møkja-
grima på). Det kunde dei tok
riva og råka av møkkja-
klumpane om våren.
Overgangen er vanskeleg å tid-
feste. Dei gamle brukte greipar
av tre.

## IX

Dei gjætte kyra på eng og voll.
Frosten var ofte farlaus, litt høy.
Så beitte dei.
Dei beitte jamleg over alt til
jonsok. Sia verja dei den
enga dei ville slå, slåttenga.

## X

Etterkvart beitte dei mindre
så dei kunne få meir høy
Dei gjerder nå ofte inn særskilte
hagar.

## XI

Det kunde hjuringane gjekk med
ein stav og spreidde ut over
kurukur" når dei gjætte. Dei
"sparka og spende og med
beina.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

XII

Dei bruka ofte sumarfjós til
kyra. Hin hang nede i jordet
her på Nordbø heiter enno
Vårfjoshaugen.
Utsløppen leia da turda med
møk dei køyrde ut og spreidde
og som var frå sumarfjøsa.
Det var om hausten dei køyrde
ut den møka.

XIII

Dei hadde noko dei kalla
grindar som dei batt i hop
med viduspennidar. Dei
kalla det „å grinde". Dei kunne
flytte desse grindane. Det hende
og der var senger som dei låg
i og såg til kyra.
Dei kalla det åu skille. I
Bø er ein stad som heitte
Spillingsrud (nå Rol)
I Fjella nyttar som dette enno.

XIIII

Det hende dei sla på blekk-
ty for å skremme udyr
Dei skaut åu med salt.

IXX

Tre kallar som strenglar
som dei legg side om side
og nyttar til himling.
t.d. i fjøs eller grisehus,
kanskje og i golvet.

1985

1985

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## ~~VI~~

## XX

Dei tallar om slåttestular (d. e. stular som dei slær)
Før dei rusta av stulen om hausten kåyrde dei ut møka på ein slea, vetta lass etter lass og spreidde dei ut over stølsvallen. Eg har sjøl gjort det.

## XXI

Halvor H. Kikjarud i Bø, f. 1782, d. 1811. har lete etter seg opptekningar om vrukning, jordbruk, gamal og nye driftsmåtar o. s. b. Etter som han skriv var overgangen ~~frå~~ til skiftebruk i hans tid. Gamle og nye drifts måtar blei bruka side om side. Og i gamal tid var åker åker og eng eng (som Skar fortel om frå Setesdal) Desse opptekningane kan de få låne av Sigurd Kolsrud, som har sjølv lånt dei av meg. Dei er interessante og gjev pålitande opplysningar frå den tida.

1985
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING